



Dato: 10.05.2010
Arkivref: 2008/466-15 /
S00

Saksbeh.: Lasse Larsson Fjærtøft

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
10/29	Formannskapet	07.06.2010
10/14	Kommunestyret	16.06.2010

Energi- og klimaplan for Sandøy kommune

Vedlegg:

- a) Energi- og klimaplan for Sandøy kommune del 1 (uprenta)
- b) Energi- og klimaplan for Sandøy kommune del 2
- c) Fråsegn frå ÅRIM til energi- og klimaplan for Sandøy kommune
- b) Tilsegn frå Enova om økonomisk prosjektilskot

Framlegg til vedtak:

Sandøy kommunestyre vedtek Energi- og klimaplanen for Sandøy kommune, som temaplan, med følgjande endring i Tiltaksdelen:

Pkt. C-1.10 under kolonnen "Beskrivelse" vert endra til: Premiere avfallsreduksjon hos publikum. Vurdere avgiftsendring til vekt, nytt tømme-/beholdarutstyr. Mindre avgift for mindre mengder levert.

Pkt. C-2.1 under kolonnen "Tidsplan" vert endra til 2011 – 2015

Pkt. C-2.3 under kolonnen "Tidsplan" vert endra til 2012 – 2016

Ved utarbeiding av Sandøy kommune sin kommuneplan, vil energi- og klimaplanen bli innarbeidd som kommunedelplan.

Saksprotokoll i Formannskapet - 07.06.2010

Behandling:

Vedtak:

Formannskapet tilrår samrøystes: Som framlegget.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 16.06.2010

Behandling:

Vedtak:

Samrøystes vedtak: Som tilrådinga.

SAKSUTGREIING

BAKGRUNN FOR SAKA/SAKSOPPLYSNINGAR

I sak 08/41 handsama Sandøy kommunestyret spørsmålet om deltaking i eit regionalt energi- og klimaplanprosjekt, og samla seg einstemming om følgjande: ”Sandøy kommune vedtek å delta i å utarbeide ein regional klima- og energiplan”.

Som den sentrale grunngevinga for å delta, stod det følgjande i saksutgreiinga:
”Aukande energiprisar og faren for klimaendringar er dei viktigaste drivkreftene bak ønsket om å utarbeide energi- og klimaplanar i kommunane.

Kommunane spelar ei viktig rolle i arbeidet med energiomlegging og for å nå nasjonale mål om reduksjon i utslipp av klimagassar. Ein energi- og klimaplan er ein effektiv og viktig reiskap i dette arbeidet.

Styret i ÅRU har vedteke å invitere eigarkommunane til å vere med å utarbeide ein interkommunal energi- og klimaplan med Ålesund kommune sin plan som mal. Ålesund kommune har våren 2008 vedteke ein energi- og klimaplan for Ålesund 2008-2012. Fleire av kommunane i regionen er i ferd med å starte på eit liknande arbeid”.

Konsulentfirmaet Norconsult har vore engasjert i oppdraget med å føre i pennen dei kommunevise planane innan ÅRU-området, og leie prosessen saman med styret i ÅRU, som vart oppnemnd som regional styringsgruppe.

Det har vore fleire kontaktmøte mellom Norconsult sine prosjektansvarlege og kommunen sine fagfolk, der særleg planen sin tiltaksdel var tema. Spørsmål om realismen i tiltaka, både i omfang og tidshorizont vart drøfta og avklart.

Formannskapet har fungert som lokal styringsgruppe, og først tidlegare einingsleiar for tekniske tenester, deretter driftsingeniøren ved teknisk som kommunen sin kontaktperson inn mot prosjektet.

Primo februar 2010 vart utkastet til energi- og klimaplan vart sendt ut på høyring til 27 lokale instansar, samt at privatpersonar, gjennom oppslag og kunngjering på kommunen si heimeside, vart oppfordra om å kome med innspel. Høringsfristen vart sett til den 22. mars.

Det høyrer med til historia at kun ÅRIM, vårt nye regionale miljøsekskap, spelte inn kommentarar til høyringsutkastet.

Så den lokale forankringa av planen har ein så langt tydelegvis ikkje lykkast godt nok med. Den utfordringa må ein ta med seg når tiltaksdelen etterkvart skal setjast ut i livet.

Med omsyn til ÅRIM vil dette selskapet bli eit sentral og vital medspelar for å kunne setje fleire tiltak under området ”Avfall og forbruk” ut i livet.

Eit anna forhold som fekk eit visst uklart preg over seg, var spørsmålet om statusen til planen. I utgangspunktet var intensjonen å utarbeide ein kommunedelplan for energi- og klimaspørsmål. Fylket derimot sette seg til ein viss grad på bakbeina, og kunne ikkje akseptere dette, av di formalkrava til planprogram og offentleg ettersyn, då med heimel i plan- og bygningslova, ikkje hadde blitt etterlevd. Med departementet si hjelp har planen no status som tematisk delplan.

VURDERING

I høyringsbrevet som vart sendt ut til dei lokale høyringsinstansane, vart mellom anna følgjande lagt vekt på:

Motivasjonen for planarbeidet deler seg i to forhold:

a) sterke sentrale føringar

b) eigeninteresse.

Faren for klimaendringar og eit stadig større behov for energi gjer at tiltak for å redusere desse relativt dramatiske prognosane, vert maktpåliggande. Kommunen, som organisasjon, vert i denne samanhengen sett på som ein viktig aktør i arbeidet med haldningsendringar og energiomlegging for å nå dei nasjonale måla for reduksjon av klimagassar.

Difor har tiltaka i planen også ei samfunnsmessig forankring.

For at tiltaka skal bli mest muleg relevante og legitime, er det viktig at sentrale instansar i lokalesamfunnet vert gjort kjent med omfanget av dei og får eit reelt høve til å medvirke, til å uttale seg, kome med endringsforslag og/eller tilleggsforslag.

Planen har to hovuddelar, ein generell del og ein som er tilpassa samfunnet Sandøy kommune.

ØKONOMISKE KONSEKVEN SAR

Som det vedlagde tilsegnsbrevet stadfestar, vil Enova, etter politisk vedtak av planen, utbetale kr. 100.000.- til Sandøy kommune, eit beløp som kommunen alt har forskottert.

Med omsyn til gjennomføringskostnadene for dei ulike lokale energi- og klimatiltaka, er det ei berekning som ikkje er gjort.

Som ein ser av tiltaksdelen sorterer desse inn under ulike samfunnsmessige ansvarsområde, frå det offentlege/kommunale, via private næringar, til den enkelte husstanden.

Gjennomføringsmulegheitene handlar også mykje om informasjon og gjennomføringsmotivasjon.

KONKLUSJON

Sandøy kommunestyre vedtek framlegget til Energi- og klimaplan for Sandøy kommune med dei endringane som er føreslått.


Lasse Larsson Fjørtoft
rådmann

Utskrift:

Enova, ÅRU

Rett utskrift:

Sandøy kommune, 17.06.10


Jorunn Finnøy
saksbehandlar